

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Fredag 22.01.16 kl 9 - kl 10.45
Tilstede: Ragnar Omli, Frode Haugland, Ragnar Valstad, Tore Johan Sandvik, Kristin Waagen, Oddveig Gikling-Bjørnå, Roy Albertsen og Magne Trondmo (sak 2).
Forfall: Siri Fossum og Arnt-Ove Løvås
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 22. januar 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

1	Orientering frå styremøte 20.01	
---	--	--

Oddveig orienterte om avtalane med kjedene. Proff/Storkjøken går bra, god respons på "Stykkevis og delt"-konseptet. Edelgris: Bestillingar høgare enn forventa. Overraskande godt sal av egg i romjula. Bra sortiment av Prior i Kiwi.

Totalmarked: Storfe og kalv importert 24 000 tonn i 2015 pga høgt sal. Sau/lam: Overskot på 1 500 tonn på lager. Gris: Tilnærma balanse i 2015, 350 tonn importert ribbe i 2015 mot 1 500 tonn i 2014. Egg: Fortsatt overskot, betring i sal. Slepp truleg ekstraordinære tiltak utover førtidsslakting. Kylling: I bra fart, januar i år betydeleg betre enn i fjor. Nairobiavtalen: Eksportstøtte utsett frå 2019 til 2020, gjev redusert mogelegheit for eksport av gris. Forventar auka tilførselar av storfe i 2016. Sau/lam: Prognosert liten nedgang i produksjon og sal, overskot på 600 tonn. Gris: Overskot på 1 300 tonn. Egg: Overskot takast ut på førtidsslakting.

Kostnadsanalyse: Avdekt at det er mogeleg å nå målsetjingane i strategiplanen.

Spørsmål/kommentarar:

- Har vi fortsatt vekst hos Rema?
- Fagutval småfe har hatt møte og diskutert prognose. Ragnar V fryktar buffer i produsentmiljøet, ved at auke er planlagt. Ein del av lageret er skore vare, kva vert gjort for auka sal? Forventningar hos produsent om auka sal.
- Slit med listing av lammeprodukt utanom sesong, samt sesongsal med korte salsperiodar hos kjedene. Vert satsa på sal av lam heile året. Mest lår på lager, bind kapital.
- Skore vare må brukast i eige selskap og bere kostnaden sjølv.
- Viktig at rekneskapet er realistisk, ikkje justert.
- Kjem no opp smågrisproduksjon i kyllinghus. Må vere ein klausul at det ikkje kan etablerast kraftfòrkevande produksjon i avvikla kyllinghus. Skapar splid i næringa i Trøndelag.
- I utkjøpsavtalen står det at det ikkje er utkjøp dersom du skal fortsette med annan fjørefproduksjon eller svinproduksjon. Rykter om at nokon ikkje vil signere avtalen, for å sleppe å binde seg.
- Utkjøpsavtalen må offentleggjerast, for å sleppe spekulasjonar.
- Egg og svin er opne produksjonar, så det er fritt til nyetablering.
- Kunnskapsoppbygging i medlemsmassen er viktig, mange trur at andre produksjonar er med å finansiere utkjøp. Info til alle tillitsvalde, samt også på kretsmøta.
- Økonomien til andre dyreslag vert no knytt opp mot kyllingsaka.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Orientering om status kylling i Midt-Norge

Oddveig orienterte frå styremøtet, og Magne Trondmo supplerte. Forhandlingane med Rema om leigeslaktavtale hos Norsk Kylling pågår fortsatt.

Alle produsentar i Hordaland og Aust-Agder har meldt si interesse. Over 10 500 000 stk kyllingplassar har vist interesse, i underkant av 100 produsentar på landsbaisis. I Trøndelag er namdalingane avventande, så talet vert nok høgare.

Er sendt brev til alle produsentar etter styremøtet. Produsentane i Trøndelag skal sleppe å ta stilling før avklaring med Rema, får då minst ein månads frist etterpå. Forventar kjapp avklaring, og inviterer då til info møte, truleg veke 5.

Viktig å vere i forkant med produktutvikling på kylling.

Spørsmål/kommentarar:

- Kva om salet snur i løpet av eit par år? Då er vi utan kyllingproduksjon i Nord-Trøndelag, med behov for ny kapasitet. Vert bygd opp rundt Hærland då?
- Svar: Sjølv med utkjøp må vi ha 20 % reduksjon hos eksisterande produsentar. Men med vekst vil vi på eit tidspkt ha behov for auka volum, t.d. med utvida produksjon hos eksisterande produsentar.
- I avtalen ligg det inne fortrinnsrett ved evt behov for nyetablering fram til 2025.
- I løpet av 2 år må Rema/Norsk Kylling ta stilling til framtida til sitt produksjonsanlegg.
- Viktig at Nortura er tydeleg på at det skal vere kyllingproduksjon i Trøndelag i framtida.
- Må alliere oss med Fylkesmennene i Trøndelag.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Orientering frå regionen

Roy orienterte om tilførslar og utvikling i marknadsandelar i fjoråret. Auka marknadsandelar på storfe på 1,8 %, auke i alle fylke, mest i Nord-Trøndelag. Auke 0,9% småfe på småfe og nedgang på -0,4% på gris.

Tilførslar har auka på storfe med 1,4 %, særleg Nord-Trøndelag. Gris: Svak negativt. Småfe: Redusert tilførslar med 2,2 % i Nordmøre & Romsdal, men i regionen 5,6 % i auka tilførslar.

Innkøyring av ku på kveldstid: Krav frå Mattilsynet om slakting innan 12 timar etter mjølking. Kravet vore ei stund, men Mattilsynet skjerpa no. Må laste opp seint om kvelden. Prøver å laste tidlegare om morgonen også, for å unngå kveldskøyring. Skal evaluerast i byrjinga av februar, er truleg vanskeleg å unngå for framtida. Skal då ut med brei informasjon. Be produsentar ta kontakt dersom dei har spørsmål.

Spørsmål/kommentarar:

- Har vi misst småfeprodusentar pga skyvinga?
- Midt-Norge slakteri har same kravet til innkøyring av ku? Svar: Ja.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Innspel til jordbruksforhandlingane

Innspel:

- Fagutval småfe vil fokusere på beitetilskot, fortrinnsvis utmarksbeite.
- Fagutval gris: Målprisauke 50 øre, og prisedskriving korn og kraftfôrpris. Inga endring i konsesjonsgrensar.

5 Førebuing kretsmøter

Lokale saker/spørsmål: Kva må vi førebu oss på?

Innspel:

- Kylling, inntransport kyr, varer i butikk.
- Sende mail til kretsleiarane om å få innspel

Brit Kari

6 **Representasjon på årsmøter**

- 26. februar: Felles årsmøte Nord + Sør-Trøndelag Bonde- og Småbrukarlag: **Ingen**
- 4. - 5. mars: M&R Bondelag konferanse og årsmøte: **Oddveig + Kristin**
- 9. mars: Årsmøte Sør-Trøndelag Bondelag: **Siri eller Arnt Ove**
- 10. mars: Årsmøte Nord-Trøndelag Bondelag: **Ragnar O + Ragnar V**

Brit Kari

7 **Eventuelt**

- Ynskjeleg med tlf møte 18.02 for gjennomgang av årsmelding og rekneskap, basert på plansjeserien til kretsmøta? Ja, kl 8.30 – kl 10.30.
- Innspel frå Jorunn Karin Kvernen og Kolbjørn Frøseth må svarast ut. Brit Kari fylgjer opp Jorunn Karin, medan Tor Olav svarer Kolbjørn.
- Oddveig har høyrte rykter om 3 vogntog med oksekalv til Nordland frå Trøndelag? Svar: Vi fordeler livdyr etter bestilling, og forsyner produsentar både i Midt og Nord, vurdert utifrå transportøkonomi.

Brit Kari
Tor Olav